

Fjellsportgruppa i Bergen Turlag kallar Uskedalen eit fjellsporteldorado på heimesida si og gruppa gjer stadig meir for å ta konsekvensen av det. No i helga klatrar 11 frå gruppa i Nåso under nærmat ideelle tilhøve. Dei teltar ved bekken nedunder Fjellandsbø, som truleg etterkvart vil bli eit klatre-Mekka på Vestlandet.

No ventar klatrarane utålmodig på den nye klatreføraren som har vore bebuda lenge og som viser de mangfaldige mogelegheitene i mykje større breidde enn den gamle. Siste nytt er at føraren skal koma ein gong på forsommaren. og det reknar klatrarane med skal halda, ettersom den nye føraren for Bergensområdet som skulle trykkast først no er klar for utsending.

Rundt månadsskiftet juni/juli skal det haldast klatrekurs på Fjellandsbø - og ni 'ferskingar' er påmeldte. Dei skal i første omgang boltra seg i eit nyleg 'oppdaga' sportsklatrefelt som ikkje ligg i sjøive Nåso men innanfor Åsaredalen.

Og siste helga i august blir det basecamp for ungdom med eit mangfoldig aktivitetstilbod.

Dei som nyt kveldsmaten nedunder Fjellandsbø på biletet over er (frå vinstre) Rene O. Sagstad, Peder Kristoffersen, Odd Magne Øgreid, Sondre Svenningsen, Stig Anton Hordvik, Øystein Ormåsen og Birte Haugland. Birte er turleiar og Peder opprinneleg frå Vesterålen. Men dei andre er bergensarar!

Av Ola Matti Mathisen